

**KONTROLLUTVALET I  
GISKE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 14.06.2013 kl. 12.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades: Anne Lise Hessen Følsvik, Arnfinn Rune Giske, Harald Hole og Ruth Roald  
= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei.  
Frå Giske kommune møtte ordførar Knut Støbakk. Frå formannskapet møtte Roar Dyb-Sandnes og Per Otto Hellevik i sak 15/13.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 13/13**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 7. MAI 2013**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 7. mai 2013 blir godkjent.

**SAK 14/13**

**FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT NR. 01/2013 – GJENNOMGANG AV  
RESSURSBRUK OG RUTINAR INNAN SPESIALUNDERVISNING I GISKE KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10.06.2013

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

1. Giske kommunestyre tek forvaltningsrevisjonsrapport nr. 1 2013 om ressursbruk og rutinar innan spesialundervisning i Giske kommune til orientering.

2. Giske kommunestyre føreset at manglar knytt til dei tre problemstillingane nemnt innleingsvis i saka og som forvaltningsrevisjonsrapporten rettar seg mot blir betra.
3. Det blir tilrådd ei arbeidsgruppe for å utvikle strategiar og ressursfordeling.

### SAK 15/13

### MØTE MED GISKE FORMANNSKAP OM SLUTTAVTALE RÅDMANN

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 10.06.2013

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kommunestyret som kommunens øvste tilsyns- og kontrollorgan vart orientert om saksgangen i kommunestyremøte 14.03.2013. Kommunestyret hadde der høve til å ta saka under behandling eller sende den over til kontrollutvalet til nærare utgreiing. Det vart ikkje gjort.

Kontrollutvalet tek dette til orientering.

Dag Oksnes leiar (sign.)	Anne Lise Hessen Følsvik nestleiar (sign.)	Arnfinn Rune Giske medlem (sign.)	Harald Hole medlem (sign.)	Ruth Roald medlem (sign.)
--------------------------------	--	---	----------------------------------	---------------------------------

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Giske kommune

Dato: 10.10.2013

**SAK 17/13  
VEDKOMANDE BUDSJETT 2014 - GISKE KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Giske kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde. Desse utgiftene bygg på satsar vedtekne i Giske kommune. Dette budsjettoppsettet vil dermed omfatte kurs, opplæringsutgifter og reiseutgifter.

Kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 40.000 kroner.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Giske kommune

Dato: 10.10.2013

**SAK 18/13  
ØKONOMIRAPPORTERING**

Av budsjettforskriftene § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/opprethalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Rådmannen er invitert til å orientere om den økonomiske situasjonen.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Giske kommune

Dato: 10.10.2013

**SAK 19/13  
OM GJENNOMFØRING AV PROSJEKT I INVESTERINGBUDSJETTET FOR 2013**

Rådmannen er invitert for å orientere om gjennomføring av måla i investeringsbudsjettet og forklare bakgrunn for eventuelle avvik.

Harald Rogne  
dagleg leiar